



Stord kommune

Kommunedelplan for overvatn

Planprogram (til vedtak ref. Plan- og bygningslova §§ 11-13)





Oversikt over politiske vedtak og formelle prosessar etter plan- og bygningslova planarbeidet har vore gjennom til no:

- Stord kommunestyre 22.10.2020, sak PS 67/2020: Vedtak om oppstart av planarbeidet
 - o Sjå vedtak side 4 i dette dokumentet
- Utval for plan og utvikling 04.02.2021, sak PS 6/2021: Planprogram til framlegging for høyring
 - o Samrøystes vedtak om utlegging på høyring
- 09.02.2021 – 26.03.2021: Høyring av planprogrammet, samt varsel om oppstart av planarbeidet
 - o Det kom i alt 8 merknader i høyringa/til varsel om oppstart innan fristen, samt ein merknad etter fristen. Merknadane fører ikkje til endring av planprogrammet, men vert tatt med i vidare arbeid med planen.

Foto framside: demning og laksetrapp i Frugardselva. Foto: Multiconsult



Innholdsliste

Innleiing.....	4
Bakgrunn for planen	4
Føremål med planarbeidet	4
Plantype, rettsverknad og konsekvensutgreiing.....	5
Rammer og føringar	6
Lover og forskrifter	6
Nasjonale føringar.....	6
Regionale føringar.....	6
Lokale føringar	6
Gjennomføring av planen	7
Planprosessen	7
Organisering.....	7
Medverknad og høyring.....	7
Framdriftsplan.....	7
Tema i planarbeidet.....	9
Behov for kartlegging, utgreiing og modellering	11



Innleiing

Kommunedelplan for overvatn skal omhandle handtering av overvatn i Stord kommune.

Overvatn kan definerast som

overflateavrenning som følgje av nedbør eller smeltevatn.

Ein plan på kommunedelplannivå skal alltid ha planprogram, jf. plan- og bygningslova (PBL) § 11-13. Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen og metode for medverknad.

Planprogrammet skal sendast på høyring og leggst ut til offentleg ettersyn med uttalefrist på minst 6 veker, jf. PBL. § 11-13. Ved framlegging og høyring av planprogrammet får ein innspel frå regionale og lokale mynde, næringsliv, organisasjonar og privatpersonar, og grunnlaget for utarbeiding av planen vert dermed betre.

Bakgrunn for planen

Stord kommune har kommunedelplanar for vassforsyning og for avløp og vassmiljø. Desse planane er ikkje dekkande for tilhøva kring overvatn, og det er ikkje tydeleg korleis overvassproblematikk skal handterast i reguleringsplanar og byggesaker i kommunen. Stord kommune sin planstrategi for 2016-2020 peikar på at det er viktig å utarbeide ein kommunedelplan for overvatn. Ein slik plan er

viktig både for å gje retningsliner til plan og byggesak, og for forvaltning av eksisterande areal og infrastruktur.

I framtida er det venta auka nedbørsmengd og -intensitet, og dermed meir overvatn som må handterast. Eit utbyggingsmønster som legg opp til fortetting av allereie utbygde område fører ofte til meir tette flater, og mindre overflater der vatn kan infiltrerast. Overvatnet vert mange stader ført inn på avløpsleidningar, noko som medfører kapasitetsproblem i avløpsleidningane, i avløpspumpestasjonane og på avløpsreinseanlegga.

Føremål med planarbeidet

Hovudmålsettinga for planarbeidet er å legge til rette for heilskapleg forvaltning av kretsløpet til vatnet, og utarbeiding av ein overordna strategi for handtering av overvatn, både som ressurs og som problem. I dette ligg det at mengda overvatn skal handterast slik at liv og helse for innbyggjarane vert ivaretatt, og skadekostnadar for samfunnet vert redusert. **Det inneber òg at:**

- Overvatn skal vere ein ressurs for biologisk mangfald
- Overvatn skal vere ein del av blågrøne løysingar
- Overvatn ikkje skal forureine miljøet

Stord kommunestyre gjorde 22.10.2020 følgjande vedtak om oppstart av kommunedelplan for overvatn:

1. *Stord kommunestyre vedtek å starta arbeidet med å laga kommunedelplan for overvatn, i samsvar med føresegner i plan og bygningslova.*
2. *Kostnaden med ny kommunedelplan for overvatn vert innarbeidd i årsbudsjett og økonomiplan for avløpstenesta.*
3. *Planen skal ta for seg bevaring av liv i vatn, og andre miljøhensyn*



Ein overordna kommunedelplan vil gi eit godt grunnlag for systematisk overvasshandtering og prioritering av tiltak. Planen vil avklare ansvarstilhøva kring overvatn, gi føringar for arealplanlegging, og gi heimel for pålegg om overvasstiltak i allereie utbygde område. Planen vil òg gi føringar for fornyingsstrategi av leidningsnettet og andre tiltak for overvasshandtering.

Havnivåstigning og stormflo er tema som ikkje vert handtert i denne planen.

Punkt 3 i vedtaket frå kommunestyret som vist på side 4 seier at *Planen skal ta for seg bevaring av liv i vatn, og andre miljøomsyn*. Dette omsynet vil takast med der det er relevant, t.d. i diskusjon rundt opning av bekkar og forureining.

Plantype, rettsverknad og konsekvensutgreiing

Kommunedelplan for overvatn skal ivareta kommunen sine interesser, sektoransvar og mål knytt til forvaltning av overvatn. Det vil bli utarbeidd temakart med omsynssoener i samband med arbeidet (til dømes for flaumvegar og flaumsoner).



Figur 1 Flaum på E39/Mehammer i 2009. Kjelde: vg.no

Planen vil ha stor relevans for framtidig arealbruk og utbygging. Reguleringsplanar og tiltak skal følgje strategiane og retningslinene i kommunedelplan for overvatn, når den er vedtatt.

Kommunedelplanar for tema eller verksemdsområde skal gjelda i 12 år, og skal ha ein handlingsdel som angir korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgjande åra eller meir. Handlingsdelen skal reviderast årleg.

Forskrift om konsekvensutgreiing gjeld for overordna planar som fastset retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging. Denne kommunedelplanen vil ikkje leggje konkrete bindingar for arealbruk og tiltak, men gi overordna føringar og retningslinjer for overvassplanlegging i Stord kommune. Det er difor vurdert at det ikkje er behov for konsekvensutgreiing iht. Forskrift om konsekvensutredning.



Rammer og føringar

Det er mange sektorar og aktørar som er involvert i problemstillingar knytt til overvatn og handtering av overvatn. Det er difor eit stort omfang av lover og forskrifter, samt føringar på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå som er relevant for arbeidet.

Lover og forskrifter

- Lov om vern mot forurensning og om avfall (Forurensningsloven)
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (Plan-og bygningsloven)
- Lov om rettshøve mellom grannar (Granelova)
- Lov om vassdrag og grunnvann (Vannressursloven)
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (Naturmangfoldloven)
- Lov om kommunale vass-og avløpsanlegg (Vass-og avløpsanleggslova)
- Lov om vegar (Veglova)
- Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (Sivilbeskyttelsesloven)
- Lov om sikring mot naturskader (Naturskadeloven)
- Lov om vassdragsreguleringer (Vassdragsreguleringsloven)
- Forskrift om tekniske krav til byggverk (Byggteknisk forskrift)
- Forskrift om begrensning av forurensning (Forurensningsforskriften)
- Forskrift om rammer for vannforvaltning (Vannforskriften)
- Forskrift om konsekvensutredning
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (Avfallsforskriften)

Nasjonale føringar

- NOU 2015:16 Overvann i byer og tettsteder
- NOU 2010:10 Tilpassing til et klima i endring
- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019-2023 (KMD)
- Klimatilpasningsmeldingen, Stortingsmelding 33.
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal-og transportplanlegging
- Statlig planretningslinje for klima-og energiplanlegging og klimatilpassing i kommunene
- Veileder kommuneplanprosesser, Miljøverndepartementet
- NVE –litteratur urbanhydrologi

Regionale føringar

- Regional plan for vassregion Hordaland med handlingsprogram (er under revisjon for Vestland vassregion)
- Tiltaksprogram for vassregion Hordaland

Lokale føringar

- Retningslinjer for overvasshandtering i VA-norm for Stord kommune
- Kommunedelplan for avlaup og vassmiljø 2015-2026, Stord kommune
- Kommuneplan for Stord kommune 2010-2021
- Landbruksplan for Stord og Fitjar 2017-2025
- ROS-analyse for Stord og Fitjar (2014)



Gjennomføring av planen

Planen skal gjennomførast som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova (PBL).

Planprosessen

Varsel om oppstart og framlegging av planprogram for høyring jf. PBL § 11-12 og 11-13 Utval for plan og utvikling (*PUT*) skal handsame forslag til planprogram, og leggje det ut på høyring i seks veker (*planprogrammet vart handsama i PUT 04.02.2021*). Oppstart med planprogram vert kunngjort i avisa Sunnhordland og på kommunen sine nettsider. Enkelte etatar vil bli varsla direkte.

Fastsetting av planprogram i Utval for plan og utvikling jf. PBL § 11-13

Merknader vert vurdert før planprogrammet formelt vert vedtatt av Utval for plan og utvikling.

Når planprogrammet er vedtatt startar hovudarbeidet med planen. Eventuelt behov for gjennomgang av planen med særskilte interessentar vert vurdert undervegs i planarbeidet.

Høyring og offentleg ettersyn av forslag til kommunedelplan jf. PBL § 11-14

Forslag til plan vert lagt fram for Kommunestyret som legg den ut på høyring.

I høyringsfasen skal det gjennomførast eit ope informasjons-/orienteringsmøte for forslag til plan.

2. gongs handsaming og vedtak av kommunedelplanen i kommunestyret jf. PBL § 11-15

Innkomne merknader i høyringsperioden vert gjennomgått før 2. gongs handsaming av planen, og eventuelle endringar vert

gjennomført før planen vert lagt fram til slutthandsaming.

Organisering

Stord kommunalteknikk har ansvar for prosjektleiing av planprosessen. Styringsgruppa for arbeidet er Utval for Plan og Utvikling (*PUT*) i Stord kommune, og prosjektgruppa er sett saman av medlemmer frå Stord kommunalteknikk, Regulering, byggesak og oppmåling (*RBO*), Stord Fitjar miljø- og landbrukskontor, Fagavdeling plan i Stord kommune og Multiconsult.

Medverknad og høyring

For best mogleg planresultat er det viktig med brei medverknad i planprosessen. Det vert lagt til rette for innspel i løpet av planprosessen gjennom sosiale media, folkemøte, kartportal og formelle høyringsrundar.

Det vil vere viktig å sikre dialog og samarbeid med relevante etatar i arbeidet, som til dømes Norges vassdrags- og energidirektorat, Statens vegvesen, Vestland Fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestland og Miljødirektoratet.

Framdriftsplan

Framdriftsplanen legg opp til vedtak av kommunedelplanen før sommaren 2022. Planprosessar er dynamiske, og framdriftsplanen kan difor verte revidert i løpet av arbeidet.

Sjå figur neste side for milepålar i framdriftsplanen.



Milepål	Månad
Varsel om oppstart og planprogram på høyring	Februar-april 2021
Fastsetting av planprogram	Mai 2021
Forslag til kommunedelplan ferdig	Desember 2021
Kommunedelplan høyring + medverknad	Februar – april 2022
Vedtak kommunedelplan	Juni 2022

Figur 2 Framdriftsplan med milepålar



Tema i planarbeidet

Tema som skal dekkast i det vidare arbeidet er lista opp og kort omtalt under.

Visjon og målsetting

Visjon og målsetting skal utarbeidast i det vidare arbeidet med planen.

Auke i nedbør og overvatn – utfordringar

Auke i nedbørmengd og -intensitet vil gje auka belastning på eksisterande infrastruktur for overvatn. Konsekvensen, og handtering av dette skal skildrast i kommunedelplanen.



Figur 3 Kjeftesluk i Hystadvegen som snart er tetta av lauv. Foto: Multiconsult

Verdien av blågrøn infrastruktur

Når overvasstiltak vert integrert i kommunal planlegging av grønstruktur, vert det ofte skildra som “blågrøn infrastruktur” eller “blågrøn planlegging”. Planen skal ha fokus på overvatn som ressurs, og som eit viktig leveområde for fleire artar.

Overvassplanlegging på ulike plannivå

Krav til detaljering av overvassplanar og type problemstillingar avheng av plannivået. For å sikre heilskaplege og gode overvassplanar skal det utarbeidast retningslinjer og krav for ulike planar og tiltak.

Hovudvassdrag

Kommunedelplan for overvatn skal kartleggje vassdrag, avdekke flaumutsette område, og sikre flaumveggar. Hovudvassdraga i kommunen skal skildrast, basert på inndeling i nedbørsfelt.

Arealføremål og flaumveggar

Flaumveggar og andre overvasstiltak må sjekkast opp mot gjeldande arealføremål i kommuneplanen og eventuelle reguleringsplanar. Ved bruk av omsynssoner kan det indikerast område der det er behov for fysiske tiltak for å handtere overvatn.

Forureina overvatn

For å sikre tilstrekkeleg god vasskvalitet i vassførekomstane iht. vassforskrifta kan det vere behov for reinsing av forureina overvatn før utslepp til resipient.

Overvasstiltak i Stord kommune

Det skal utarbeidast ei tiltaksliste som kan nyttast av aktørar på ulike nivå. Tiltaka kan vere vidare planar, fysiske tiltak og anna, og dei skal følgjast opp i handlingsplanen.

Handlingsplan med økonomiplan

Planen skal ha ein handlingsplan der det skal klargjerast kva tiltak som bør prioriterast. Det skal utarbeidast økonomiplan for fire år, med årleg revisjon.




Sektoransvar for overvatn og finansiering

Ansvar for overvatn er fordelt på mange aktørar, og gode løysingar krev samarbeid. Kommunedelplanen for overvatn skal avklare ansvarstilhøva kring overvatn, mellom anna ansvar for investeringar, drift og vedlikehald og forvaltning av overvass-systema.

Forholdet til andre, tilgrensande planar og retningslinjer

Det må gjerast ei vurdering av eventuell overlapp mellom kommunedelplanen for overvatn og andre relevante planar og retningslinjer i kommunen.



Figur 4 Bekkeløp mellom Vad og Hauglandskverna. Foto: Multiconsult



Behov for kartlegging, utgreiing og modellering

Overvassanlegga i kommunen skal kartleggast, både med tanke på at overvatn er ein ressurs, og for å få oversikt over kor overvatnet kan vere til skade for samfunnet.

Kartlegging av nedbørsfelt, vassdrag og flaumutsette område

Det er behov for eit visst kunnskapsnivå om nedbør, avrenningstilhøve i nedbørsfelt, tiltaksmoglegheiter og fare for skade. Det er difor viktig å ha oversikt over avrenningslinjer for overvatn og å kartlegge område som er sårbare for skade.



Figur 5 Røyr under turvegen langs Frugardselva. Foto: Multiconsult

For å kunne utføre overvassplanlegginga heilskapleg er det nødvendig å ha ei overordna oversikt over hovudnedbørsfelt. Avrenningslinjer angir kor på terrenget overvatnet vil renne når røyrssystema er fulle.

Kartlegging av desse er ressurskrevjande, men nødvendig. Avrenningslinjer vil vere grunnlag for planlegging av flaumvegar og kartlegging av risikoområde for flaum. Viktige elver, bekker og bruer skal òg inkluderast i kartlegginga.



Figur 6 Nedbørsfelt på Stord. Kjelde: Scalgo.com

Kartlegging av risikoområde for flaum i tettbygde område

Basert på modellerte nedbørshendingar vert sannsyn for oversvømming vurdert opp mot konsekvens i ei forenkla risikovurdering.

Modellering av leidningsnett

Ein hydraulisk modell for avløpsnettlet kan mellom anna nyttast til vurdering av kapasitet, optimalisering av avløpssystemet, rapportering av overløpsmengder og kartlegging av framandvatn i leidningsnettlet.

Kartlegging av status på leidningsnett

Det vert utarbeidd ein oversikt over overvass- og avløpsnettlet og andel fellessystem. Historiske data og kunnskap om område med utfordringar og registrerte avvik vert kartlagt.



Kartlegging av forureina overvassavrenning

Avløpsfellessystemet har overløp for å avlaste ledningsnettet ved høg tilførsel av overvatn, og overløpet går ofte direkte til resipient. Overvatn frå forureina areal, som høgtrafikkerte vegar, kan føra til spreiding av forureining.

Gjenopning av lukka elver/bekkar

Kartlegging av lukka bekkar og moglege bekkeopningar. Det er viktig å vurdere driftsbehov.

Bruk av grønstruktur og blågrøne løysingar

Vurdere kartlagde avrenningslinjer i eksisterande grønstrukturområde i kommuneplanen som aktuelle område for blågrøne løysingar.



Figur 7 Bru under Fitjarvegen ovanfor Dåfjorden. Foto: Multiconsult